

Tale ved markeringa i samband med terroråtaka i Oslo og på Utøya, ved opninga av Bøgrend Autofest, 4. august 2011

Godtfolk,

Takk for at de kom hit i kveld. Og takk til tilskiparane for at de valde å køyre Bøgrend Autofest etter programmet, trass i dei skakande hendingane for snart to veker sidan. Det som skjedde i Oslo og på Utøya har endra oss på måtar me enno ikkje er i stand til å sjå. Men samfunnet i alle sine ulike former må likevel halde fram; og som mange har peika på, er det framfor alt viktig at me kan vera i lag om å bera den sorga og det opprøret kvar av oss kjenner, slik som no.

I morgon skal Eivind Hovden gravleggjast frå Mo kyrkje. Han blei 15 år. *Her er sorg nok til song*, sa Aasmund Olavsson Vinje. I kveld, og sikkert i dagane som kjem, skal me høyre song og musikk som er prega av møtet med vald, villskap og vanvit i eit format me ikkje trudde fanst i Noreg. Me har opplevd vonde tap – tap av unge menneskeliv og tap av uskuld; og i tida som fylgde opplivde eg og sikkert dei fleste med meg at dei store orda me er vane med å høyre i høgtidelege samanhengar utan at dei gjer nemnande inntrykk: *demokrati, fellesskap, respekt, toleranse, kjærleik*, dei blei brått som nye – i ljøs av hendingane fekk dei eit innhald med påtrengjande meining. Det skein av dei att!

Men jamvel ord og kjensler som fatar lett og skin bjart, har ein tendens til å brenne ut. Det gjeld òg tung tids tale. Alt no er det sagt, skrivi og sungi så mykje sant og vitugt om vondskap og von, og det er sagt om att så mange gonger, at eg i frykt for at orda skal tømast for innhald er freista til å sitere ein annan av dei store diktarane frå Vinje, Tarjei Vesaas:

Han tenkte:

Ord og ord.

No ikkje fleire ord.

Her er mi tyrste hand.

Men så er det nettopp for å *bedrive ord* at eg stend her – for så vidt ei synd ein ordførar sjeldan slepp unna. Og såleis lyt eg vera representant for ein ørliten del av det politiske Noreg, ein kommune som rett nok ikkje er direkte skadd ettersom ingen herifrå er på lista med dei 77 namna, men som likevel blei råka av *det politiske innhaldet* i terroråttaket på same måten som resten det norske folkestyret.

Ja eg vil seia at me blei sterkt råka, fordi Vinje kommune stend for det ugjerningsmannen fryktar og avskyr mest, men som me er særleg stolte av: *det multikulturelle samfunnet*, òg kalla det fargerike fellesskapet. Me har busett tri grupper med menneske som har flykta hit til landet med det føremålet å sleppe unna vald og terror der dei kom frå. No er dei ikkje lenger

flyktningar, men bygdefolk som oss hine; me møter dei på bui, på idrettsbanen, på jobben og i kommunestyret. Og me er takksame for at dei er her og utvidar biletet vårt av verden: Bosnia, Liberia og Somalia er no delar av våre egne indre kart.

Mange av dei er muslimar. No har dei ikkje berre opplevd terror og politiske drap i det landet dei flykta til, men dei får òg vita at dei sjølve er ein del av drapsmannens motiv. Han fryktar og hatar dei, fordi han trur at dei handlar etter ein skummel, løynd plan om å *islamisere* Noreg og resten av Europa; men endå sterkare hatar han dei politikarane som har vedteki å sleppe flyktningane inn i Noreg for å gjeva dei eit trygt og verdig liv.

For oss, og ikkje minst for dei muslimske venene våre, er dette meiningslause og djupt urettferdige skuldingar. Men i dette bisarre biletet ser han seg sjølv som ein riddar, ein agent med *licence to kill* på vegne av det han oppfattar som den sterkt truga vestlege sivilisasjonen. Ein kan spørje seg om kva delar av denne tradisjonen han identifiserer seg med. Er det inkvisisjonen som torturerte og drap alle som stod for eit anna syn enn dei kyrkjelege makthavarane? Er det kolonimaktene som saug ressursane ut av land i Amerika, Afrika og Asia i byte mot europeiske sjukdomar. eit rasistisk menneskesyn og undertrykkande klassesamfunn? Er det den delen av europeisk sivilisasjon som starta to verdskrigar og gjennomførte eit industrielt organisert drap på det jødiske folket og andre grupper som nazistane rekna som minderverdige?

Det kan i alle høve ikkje vera den *humanistiske* tradisjonen, den trua på menneskeverdet som så mange gonger har tapa for rå makt og brutal undertrykking, men som i den kristne eller verdslege versjonen aldri er blitt knekt eller utsletta, og som i dag m.a. ligg til grunn for den internasjonale fråsegna om menneskerettar så vel som programma for dei aller fleste norske politiske parti. Humanismen er kanskje den vakraste rosa som har sprungi ut på dette mangesidige og plaga kontinentet, ein idé tufta på nestekjærleik, medkjensle, solidaritet; ein etikk med utgangspunkt i evna vår til å kjenne *empati*, altså liva oss inn i korleis andre menneske har det, og til å vilja vel. Humanismen slær fast at menneskelivet er ukrenkjeleg, og at alle menneske, uavhengig av rang eller rase, er like mykje verde.

Nei, dette trur ikkje terroristen på. For han er humanismen berre eit uttrykk for den veikskapen han foraktar og kjempar mot. Der er han på line med kjende politiske leiarar som Hitler, Stalin og Pol Pot. På den hi sida lyser namn som Mahatma Gandhi og Nelson Mandela. Med røter i kvart sitt kontinent og kvar sin kultur har dei baa synt den krafta som ligg i ikkjevaldelege måtar å løyse konflikhtar på, ut frå sannkjenninga av at vald berre avlar meir vald, meir hat, meir strid, og kan aldri føre fram til fred og forsoning.

Så vil eg understreka at røyndomen ikkje er anten svart eller kvit, og norsk politikk dreiar seg i det daglege om vesentleg meir trivielle tema enn kampen mellom det gode og det vonde. Og det er godt! Men når me dei siste vekene har vori så skaka av dei ekstreme og monstrøse handlingane den 22. juli, er det òg fordi me tok feil når me trudde dette fredelege vesle

samfunnet vårt var vaksinert mot slikt. Me skjønar at motstandskrafta er i ferd med å bli svekka – ikkje mot islamisering, men mot avhumanisering.

Dette er ei alvorleg diagnose, og ho legg ikkje minst eit ansvar på kommunane som organiserer samfunna der folk bur, og tek vare på ungane gjennom barnehagar og skular for at dei skal bli *gagns menneske*, som det heiter i lova. No må ordførarane sjå til at det faktisk er dette som blir resultatet av det me driv på med.

Men me har *alle* eit ansvar, som medmenneske og som samfunnsmenneske. Me har eit ansvar for å syne at me ikkje berre respekterer, men jamvel *verdset* ulikskap og skilnader mellom folk, og at me har vilje til vilkårslaus omsut for kvarandre.

Med utgangspunkt i ein trygg sjølvrespekt er det lett å respektere og verdsetje andre. Dette meiner eg å sjå at er noko av kjernen i desse dagane med Bøgrend Autofest som me har framom oss, slik det var i fjor. Her dreiar det seg om ei salig blanding av musikk av ulike sjangrar og i mange former, og musikk er ein viktig del av identiteten både til kulturelle grupper og til einskildpersonar, ikkje minst dei unge.

Bøgrend Autofest stend med føtene godt planta nettopp i Bøgrend i Vinje, dvs i eit kjerneområde for folkemusikken, og syner at ein ikkje treng gjeva opp denne grunnleggjande identiteten for å kunne taka til seg impulsar frå det moderne norske og internasjonale musikkmiljøet. Bøgrend Autofest er tvert om stolt av denne staden, om det berre er ein nedlagd bensinstasjon og bilverkstad i ei lita grend, og oppmodar alle andre om å vera stolte av det *dei* stend for, og syne det fram.

For meg ser det ut til at folkemusikarane har ei særskilt evne til å spila i hop over kulturelle skilnader og sjangergrenser. No skal de straks få høyre ein av dei framifrå artistane frå Vinje som eg er dugleg stolt av og eg må få lov til å seia glad i, fordi ho så sjølv sagt og sympatisk, så tydeleg og trygt representer den tradisjonen ho er ein del av, samstundes som ho gjer songane sine til eit universelt tonespråk som når fram til alle – med glede, sorg og medkjensle. Kven kan gjera andre menneske anna enn godt etter at dei har høyrte på Ingebjørg Harman Bratland?

Takk endå ein gong til arrangørane som lagar til denne møtestaden for mangfald og toleranse, og til alle dykk som ber dette innhaldet vidare med dykk i alle kvardagane som kjem. Og når musikkfestivalen no rullar i gang, kan me tenkje på unge Eivind Hovden som reiste til Utøya med gitaren sin.

Arne Vinje